



Fjord kommune

Møteprotokoll

Utval:	Råd for personar med funksjonsnedsetting
Møtestad:	Kommunehuset i Stordal
Dato:	27.04.2026
Tid:	Kl. 09:00 - 11:00

Medlemmer:	Parti
Anna Margrethe Drægebø Moe	
Ingrid Løset	
Jostein Dalen	
Alf Ivar Eliassen	AP
Stig Eivin Meisal	Sp

Forfall:	Parti
Elin Tafjord Skoge	SV

Jostein Dalen
leiar

Siv Krokfoss
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
008/26	Godkjenning av møtebok
009/26	Orienteringssaker
002/26	Referat frå informasjonsmøte om habiliteringsbustader 10.03.2026 og oppfølgingsmøte 26.03.2026
010/26	Delegasjonssaker
001/26	RFUN og tankar om oppdraget vårt
002/26	Støtte til tankar kring RFUN og oppdraget vårt
011/26	Orienteringssaker – Gjennomgang av rettleiaren – Råd for personar med funksjonsnedsetting
012/26	Orienteringssaker – Reglement for politiske råd og utval.

008/26: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Råd for personar med funksjonsnedsetting 27.04.2026:

Behandling:

Møtebok frå frå 23.02.2026 godjent

RFUN- 008/26 Vedtak:

Møtebok frå frå 23.02.2026 vart godkjent

009/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

002/26: Referat frå informasjonsmøte om habiliteringsbustader 10.03.2026 og oppfølgingsmøte 26.03.2026

Råd for personar med funksjonsnedsetting 27.04.2026:

Behandling:

Leiar og nestleiar burde ha blitt invitert inn til informasjonsmøte.

RFUN ønskjer å invitere kommunalsjef for helse inn til neste møte for å få

1. Informasjon om habiliteringsbustader, der kommunen har ansvar for å tilrettelegge for at habiliteringsbrukara skal kunne bli ein sjølvstendig bustadeigar. Det er fleire prosjekt ang. etablering av bustadar i kommunen og RFUN må bli tatt med.
2. Informasjon om arbeidet med å organisere helse-, omsorg- og velferdsområdet på ein annan måten enn før.
3. Orientering om resursbruken på instutisjonane - "rett person på rett avdeling."

RFUN- 002/26 Vedtak:

RFUN ønskjer å invitere kommunalsjef for helse inn til neste møte for å få

1. Informasjon om habiliteringsbustader, der kommunen har ansvar for å tilrettelegge for at habiliteringsbrukara skal kunne bli ein sjølvstendig bustadeigar. Det er fleire prosjekt ang. etablering av bustadar i kommunen og RFUN må bli tatt med.

2. Informasjon om arbeidet med å organisere helse-, omsorg- og velferdsområdet på ein annan måten enn før.
3. Orientering om resursbruken på instutisjonane - "rett person på rett avdeling."

010/26: Delegasjonssaker - RFUN og tankar om oppdraget vårt

Kommunedirektøren si innstilling:

Delegasjonssakene blir tatt til orientering.

Råd for personar med funksjonsnedsetting 27.04.2026:

Behandling:

Råd for personar med funksjonsnedsetting må bli meir synleg - Rådet vil bli presentert i lokalavisene. Heimesida til Fjord kommune bør nyttast til informasjon ut. Rådet vil ta ei synfaring i Stordal, Valldal og Eidsdal, der vi ser på den universelle utforminga i kommunen, eller manglar på den. Rapporten "Kartlegging av kommunenes arbeid med universell utforming" som vart sendt kommunen frå BUFIR februar 2024 blir tatt med i arbeidet og rådet ønskjer tilbakemelding om kva kommunen har utført vedkomande rapporten frå Bufdir.

RFUN- 010/26 Vedtak:

Råd for personar med funksjonsnedsetting skal arbeide med rapporten "Kartlegging av kommunenes arbeid med universell utforming" som vart sendt kommunen frå BUFIR på neste møte. Rådet ønskjer tilbakemelding om kva kommunen har utført vedkomande rapporten frå Bufdir. Planlegg deretter vidare framgang for å kartlegge den universelle utforminga i Fjord kommune.

011/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

Råd for personar med funksjonsnedsetting 27.04.2026:

Behandling:

Rettleiar - Råd for personar med funksjonsnedsetting vart tatt til orientering

RFUN- 011/26 Vedtak:

Rettleiar - Råd for personar med funksjonsnedsetting vart tatt til orientering

012/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

Råd for personar med funksjonsnedsetting 27.04.2026:

Behandling:

Reglement for politiske råd og utval vart nøye gjennomgått. Rådet har i dag vara i rekkefølge, noko som rådet meiner er ein styrke. Dette skaper kontinuitet i rådet, der eventuelt vara må bli kalla inn til møte. Informasjon ut til leiarar og andre som skriv saker til formannskap og kommunestyret: Hugs at sakene ofte skal innom råda i kommunen - eldreråd, ungdomsråd og eller råd for personar med funksjonsnedsetting.

RFUN- 012/26 Vedtak:

Reglement for politiske råd og utval vart nøye gjennomgått. Rådet har i dag vara i rekkefølge, noko som rådet meiner er ein styrke. Dette skaper kontinuitet i rådet, der eventuelt vara må bli kalla inn til møte. Informasjon ut til leiarar og andre som skriv saker til formannskap og kommunestyret: Hugs at sakene ofte skal innom råda i kommunen - eldreråd, ungdomsråd og eller råd for personar med funksjonsnedsetting.